



Politiet i Kvinnherad melder frå om ei større øving lagt til Uskedalen i denne veka.

Politiet i Kvinnherad melder frå om at det vert ei større øving lagt til Uskedalen onsdag og torsdag i denne veka. Øvinga er lagt til sentrum og vil gå på dag- og kveldstid. Politioverbetjent og spesialist Knut Olav Myklebust frå Uskedalen er øvingsleiar. Han er koordinator for operativ trening og skarpskyttarleiar. Les kva Politiet skriv om øvinga.

Det vil onsdag 20. og torsdag 21. februar bli gjennomført øving for politiet sin utrykningsenhet (UEH) i Uskedalen sentrum. Utrykningsenheten er politiet sin innsatsenhet for bevæpna politioppdrag.

Øvinga vil pågå heile dagen og kvelden. Det vil i forbindelse med øvinga bli observert bevæpna politi og diverse kjøretøy. Det vil også bli litt støy, inkludert nokon smell. Politiet vil i størst mogeleg grad ta omsyn til publikum, og all trafikk vil gå som normalt. Det vil bli plassert ut varslingskilt. Uskedalen skule er informert.

Tekst: Pressemelding/Kristian Bringedal

Foto: Frå facebookside til Politiet i Kvinnherad/ Kristian Bringedal

Nett: Kristian Bringedal



Øvingsplassen er Brekktoppen med det brannskada huset som eit øvingsobjekt.